

Ref. 2015/10633

Høyringsinnspele frå Odda vegfinans AS til regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Sendt til: hfk@hfk.no

Odda vegfinans AS sitt formål er å delfinansiere bygging av ny fjellovergang Seljestad-Vågsli og på den måten legge til rette for tryggare samferdsel aust-vest, både vestover i retning Etne, mot Odda og vidare i retning Bergen.

Fjellovergangen er bare eit av ledda som må på plass for eit meir effektivt samband frå E134 til Bergens-regionen. Dei øvrige ledda er dels statlege vegen (RV13, E39, E16) og dels fylkesvegar.

Sidan det ikkje er gjennomført ein KVU for arm frå E134 til Bergen kan vi ikkje bygge på analyser og konklusjonar frå den i prioriteringa. Vi vil derfor basere vår uttale på dagens struktur.

- Odda vegfinans AS vil då særleg peike på behovet for rassikring og breiddeutviding av FV107 mellom Austrepollen og Nordrepollen og av FV551 mellom Austrepollen og Årsnes. Begge vegen fører fram til fergesamband og har betydeleg trafikk av store bilar. Vi støttar initiativa som tar sikte på å finne framtidssretta løysingar på desse strekningane og ber fylkeskommunen prioritere desse tiltaka i handlingsprogrammet for transportplanen.
- Odda vegfinans AS vil i tillegg peike på behovet for å ha god frekvens på dei to aktuelle fjordkryssingane. Behovet for nattsegling er ivaretatt med sambandet Årsnes-Gjermundshamn, men på dag- og kveldstid må frekvensen på Jondal-Tørvikbygd aukast. Dette vil auke fleksibiliteten og tryggleiken for dei lange reisene og betre dekning av lokale/regionale behov.

Utvikling av FV107 og FV551 til å bli sikrare og raskare transportårer, vil i tillegg gje vekstimpulsar til regionen og dei 3 definerte regionsentra Odda, Husnes og Norheimsund og kommunesentra Rosendal og Jondal.

Vedtatt i styremøte 3. april 2017.

